

**Klar for  
eit oppgjør med  
forskjells-Noreg?**



**Raudt**

*- Ikkje til sals*

[www.pdf-arkivet.no](http://www.pdf-arkivet.no) (2020)


## Stem Raudt

Det er på tide med forandring. Dei på toppen av samfunnet karar til seg meir og meir, medan 100.000 barn veks opp i familiar med dårleg råd. Leiarløner har eksplodert, og landet har fått stadig fleire milliardærar. Arbeidet vårt og skattepengane våre fyller overklassen sine bankkontoar når dei tek ut overskotet frå verksemdene sine og konkurranseutsett offentlege tenester. Forskjellen mellom dei 1 % rikaste og den jamne nordmann har ikkje vore så store sidan 1930-talet.

Raudt er det nye, moderne venstrepartiet i norsk politikk; partiet som er mot rovdyrkapitalisme, men også mot statssosialisme ovafrå. Eit radikalt, demokratisk parti som vil skape sosialisme nedanfrå i Noreg. Vi vil ha eit samfunn der det er folkemakt og ikkje pengemakt som bestemmer. Eit samfunn bygd på samarbeid, ikkje konkurranse. Derfor ønskjer Raudt ein ny politikk – meir rettferdig, meir demokratisk og i stand til å løyse dei store utfordringane i vår tid.

Bli medlem i Raudt

Send sms «Rødt + Namn og adresse» til 2334



[www.raudt.no](http://www.raudt.no)

[www.pdf-arkivet.no](http://www.pdf-arkivet.no) (2020)